

Det historisk-filosofiske fakultet



Utdanningsmelding 2003-2004

Vedtatt i fakultetsstyret 14.09.04

UTDANNINGSMELDING 2003 – 2004

1	Studentdata: opptak, studenttal, gjennomføring
----------	---

1.1	Opptak: bachelorprogram, årsstudium, masterprogram
------------	---

Hovuddelen av opptaket går gjennom Samordna opptak. I tillegg kjem særskilt opptak til musikk, vidareutdanning og masterprogram.

Til 1004 studieplassar på lågare grad var det 1337 primærsøkjarar i studieåret 2003-2004. Det vart gitt tilbod til alle kvalifiserte søkjarar, totalt 1557, og det vart registrert frammøte av 1332 studentar, som fordelte seg slik:

Tilrettelagde bachelorprogram	304
Frie bachelorprogram	381
Årsstudium	647
Sum	1332

Ein del av søkjarane var å rekne som interne. Talet på nye studentar på lågare grad hausten 2003 var 1097.

Det er første gongen det har vore særskilt opptak til årsstudium, og andelen som søkte til årsstudium var høgare enn venta.

Det er tatt opp 165 nye studentar til vidareutdanning i studieåret.

Til masterprogramma var det opptak i begge semester. Det melde seg til saman 401 søkjarar, 293 vart tatt opp .

1.2	Studenttal
------------	-------------------

I studieåret er det registrert fylgjande studenttal:

	Lågare grad	Vidare-utdanning	Profesjon (musikk)	Høgare grad	Sum
H 2003	3317	303	133	926	4679
V 2004	3080	277	132	947	4436
Gjennomsnitt	3199	290	133	937	4508

Studenttalet på lågare grad var litt høgare enn i forrige studieår, 3199 i gjennomsnitt mot 3090 i 2002-2003. Overgangen til 3-årig bachelor har såleis ikkje ført til nedgang i studenttalet, men det var litt større nedgang frå haustsemesteret til vårsemesteret enn i tidlegare studieår.

1097 av studentane på lågare grad i haustsemesteret var nye studentar, 355 var nye i vårsemesteret.

Talet på høgare grads studentar auka med om lag 50 studentar frå forrige studieår (gjennomsnitt 937 mot 888). Det vart tatt opp 293 studentar i 03-04 medan det vart

uteksaminert 175 i 2003. Ser vi på registrerte studentar, opptak og uteksamining i samanheng, blir det eit fråfall på lag 75 i løpet av studieåret.

1.3 Gjennomføring

I studieåret er det avlagt fylgjande eksamenar (studiepoeng rekna om til årseksamenar) samanlikna med forrige studieår:

	Haust 2002	Haust 2003	Vår 2003	Vår 2004*	2002 - 2003	2003 - 2004	Endring
Lågare grad	909	964	910	942	1819	1906	87
Vidareutdanning	59	72	104	61	163	133	-30
Høgare grad	181	178	248	255	429	433	4
Profesjon	11	12	86	90	97	102	5
Sum	1160	1226	1348	1348	2508	2574	66

* FS-tal per 27.08

Det er auke i avlagde eksamenar, men denne auken er litt mindre enn auken i studenttalet. Dersom vi ser på avlagde studiepoeng i høve til gjennomsnittstalet på registrerte studentar, får vi:

	2002 - 2003	2003 - 2004
Lågare grad	35,3	35,8
Vidareutdanning	30,2	27,5
Høgare grad	29,0	27,7
Profesjon	46,9	46,2
Sum	34,0	33,9

Det er ein liten auke på lågare grad medan det er nedgang på dei andre programma.

1.4 Fråfall

Utdanningsplanane for dei nye studentane hausten 2003 har gitt grunnlag for betre oppfølging og informasjon om gjennomføring. Det er undersøkt kor mange studentar som ikkje greidde nokon eksamen hausten 2003. Det er rapportert 185 studentar utan progresjon, men dette er usikre data som må sjekkast nærare.

2 KVALITETSSIKRING

2.1 Eksamen/vurdering

I historisk-filosofiske emne vert følgjande eksamens-/vurderingsformer nytta .

- Mappevurdering
- Rettleia semesteroppgåve/prosjektoppgåve
- Skriftleg skuleeksamen (maksimum 6 timar for emne på 15 studiepoeng)
- Munnleg eksamen, førebudd munnleg, prøveførelesing
- Gruppeeksamen
- Konsertar
- Heimeeksamen (maksimum 7 dagar for emne på 15 studiepoeng)
- Greidd på grunnlag av frammøte

Vurderingsuttrykka er (1) bokstavkarakterskala frå A til F, i tråd med UHR's kvalitative skildringar, og (2) greidd/ikkje greidd. Det er oppretta nasjonale referansepanel for samordning av karakterbruken i dei enkelte faga.

2.2 Sensorordning

På bachelornivå nyttar fakultetet i hovudsak kommisjonar med to sensorar – i regelen éin intern og éin ekstern.. På masternivå nyttar ein i regelen kommisjonar med tre sensorar: to interne og éin ekstern. Frå starten av studieåret 2004/2005 vil tre fag (filosofi, kunsthistorie og teatervitenskap) og eitt program (Språk og informasjon) starte ei prøveordning med programsensor, i tråd med UiB sine sentrale retningslinjer.

2.3 Evalueringsopplegg

Studieåret 2003/2004 har fakultetet evaluert omlag ein tredjedel av fagtilbodet sitt. Utvalet er dels gjort av institutta, dels av fakultetet. I fakultetet sitt utval inngår:

- bachelorprogramma i antikke studiar, arbeidslivsstudiar og kulturformiding, samt ei gruppe emne – hovudsakleg obligatoriske fellesemne i bachelorprogramma
- masterprogramma i allmenn litteraturvitenskap, nordisk og religionsvitenskap, der vi spesielt har hatt retta blikket mot progresjon og gjennomføring (jf. 2.3, andre avsnitt, i fakultetets utdanningsstrategi)
- to nye fellesemne på masternivå: kunstkritikk og lingvistisk metode (jf. 3.3, tredje punkt, i fakultetets utdanningsstrategi).

Metodane som er nytta er spørjeskjema på nett og papir, samt gruppesamtalar og utviklingssamtalar. Fakultetet har gitt tilbod om tilrettelegging av studentevaluering til alle institutta, med det formål at institutta skal ha kapasitet og mulegheit til å prøve ut nye metodar for evaluering. Følgjande former er nytta:

Arkeologisk institutt: Spørjeskjema på papir, elektronisk spørjeskjema.

Engelsk institutt: spørjeskjema på papir.

Filosofisk institutt: spørjeskjema på papir, elektronisk spørjeskjema.

Germanistisk institutt: spørjeskjema på papir.

Griegakademiet: spørjeskjema på papir, utviklingssamtale, evalueringssamtale med faglærar.

Historisk institutt: elektronisk spørjeskjema.

Humanistisk informatikk: elektronisk spørjeskjema, evaluering i grupper med felles diskusjon.

IKK: spørjeskjema på papir, elektronisk spørjeskjema, gruppesamtale med studiekonsulent.

IKRR: spørjeskjema på papir, elektronisk spørjeskjema.

LiLi: spørjeskjema på papir, intervju.

Nordisk institutt: spørjeskjema på papir, elektronisk spørjeskjema.

Romansk institutt: spørjeskjema på papir, referansegruppe med påfølgjande spørjeskjema, gruppesamtale med studiekonsulent.

2.3.1 Oppsummering av evalueringa

Emneevaluering:

Studentane er stort sett nøgde med kvaliteten på undervisninga når det gjeld innhaldet. Noko misnøye gjeld undervisningas form. Det er ved fleire tilfelle ynske frå studentane om meir undervisning, både fleire førelesningar, eller betre kollekvietilbod. Dei studentane som har hatt opplegg som krev arbeid undervegs og som blir fylgt opp, har vore nøgde med det. Dette gjeld tiltak som å planleggje og lage si eiga førelesning, å levere inn oppgåver undervegs i semesteret og å få individuell rettleiing. Enkelte av institutta peikar derimot på at det kan være vanskeleg å få studentane med på det som ikkje er obligatorisk.

Dei fleste institutta får god tilbakemelding på informasjon gitt via Studentportalen/Mi side, men enkelte institutt konkluderer med at dei kunne forbetre flyten av informasjon.

Dei tverrfaglege emna på lågare grad får vekslende tilbakemelding. Studentane på lågare grad er på det jamne nøgde med innhaldet i førelesningane, men meir negative i tilbakemeldinga når det gjeld samarbeidet mellom dei ulike faga som inngår i programma og når det gjeld forståinga av samanhengen mellom dei faga som inngår i dei tverrfaglege i emna.

Programevaluering:

I *kulturformidling* er studentane nøgde med oppfylginga, men dei ønskjer samla aktivitetar for programstudentane også under førstesemesterstudiet. Studentane manglar til dels ei forståing av programmet som heilskap og av samanhengen mellom emna. I *antikke studiar* er studentane delte i kor nøgde dei er med ulike delar av programmet. Mange av studentane ynskjer betre informasjon. I *arbeidslivsstudiar* tyder tilbakemeldingane frå studentane på at programemna utfyller kvarandre. Likevel er programmet sin samla profil lite tydeleg, og det er lite felles undervisning etter det andre semesteret.

På masterprogramnivå er studentane nøgde med rettleiinga og med nytten av innføringsemna. Dei opplever ikkje overgangen frå lågare grad som vanskeleg. Dei forventar å bli ferdige med oppgåva på normert tid og vurderer både eigen og rettleiars innsats som viktig for oppgåvas kvalitet og for progresjonen.

3 Ressursbruk

3.1 Ordinært budsjett og løyvingar til kvalitetsreforma

I den nye finansieringsmodellen er budsjettet for UiB fordelt med 22% til utdanning, 22% til forskning og 56% til basisfinansiering. Vi føreset at også basis blir delt mellom undervisning og forskning slik at halvparten av grunnbudsjettet går til undervisning. Grunnbudsjettet for HF, ekskl. særbudsjett til ex. phil, norskundervisning for utanlandske studentar og studiesenter i utlandet, utgjorde i 2003 192 483 000 medrekna av ekstraløyving til kvalitetsreforma. For 2004 er budsjettet 214 847 000.

Løyvingane til kvalitetsreforma utgjorde totalt 13, 255 millionar i 2003 og 21,515 millionar i 2004. Denne løyvinga er i hovudsak nytta til å styrke undervisninga, og til utvikling og fagleg koordinering (om lag 75%). Resten er nytta til styrka studieadministrasjon (12%) og til drift og infrastruktur (13%). Berre ein mindre del av løyvinga til undervisning er nytta til faste stillingar, og vi reknar undervisningsdelen i reformbudsjettet til 75%, som i studieåret utgjør om lag 13 millionar.

Ordinært budsjett for studieåret blir totalt 186,28 mill. Det vil seie 93, 14 mill til undervisning. I tillegg kjem 13 millionar av budsjettet til reforma slik at samla ressursbruk til undervisning blir på 106,14 millionar.

3.2 Undervisningsarbeidet

I 2003 vart undervisningsarbeidet ved fakultetet berekna slik (arbeidstimar):

	Undervisnings- og eksamensarbeid – timer				
	Student-	Student-	Eksamen	Sum	Ekstern
	Uavhengig	avhengig	(sluttvurd)	Intern	sensor
Lågare grad	41383	22719	11376	75478	10777
Høgare grad	9991	34794	7088	51873	3305
Profesjon (musikk)*	3664	20994	732	25 390	700
Sum	55038	78507	19196	152741	14782

* tal frå 2000

Ekstraløyvingane til kvalitetsreforma i 2003 ga grunnlag for om lag 17 000 timar auke, som inngår i tala ovanfor.

Ved fordeling av budsjett for kvalitetsreforma i 2004 er det fordelt midlar til 28 000 timar (6 timar per student per semester). I desse tala inngår mellombels tildelingar i 2003. Netto auke i undervisningsarbeidet blir då 5500 arbeidstimar i studieåret 2003-2004 samanlikna med 2003.

4 Vurdering

Arbeidet med utdanningsmeldinga er eit ledd i innføringa av kvalitetssikringsystemet. Aggregerte data på fakultetsnivå og instituttrapportane er grunnlaget for meldinga. Evalueringane og instituttrapportane er laga før dei sentrale opplegga er utforma, men dei er av god kvalitet og eit viktig element i kvalitetssikringa.

Vi er i ferd med å iverksetje kvalitetsreforma, og det er naturleg å vurdere effekten av reformarbeidet, både når det gjeld resultat for studentane og faglege konsekvensar. Det har imidlertid ikkje vore høve til å gå grundig inn på det i denne meldinga.

4.1 Studentar og eksamenar

Talmaterialet i kap 1 viser at det er auke både i studenttal og avlagde studiepoeng, men studenttalet aukar litt meir enn studiepoeng, og gjennomføringa er blitt litt dårlegare for alle utdanningsprogramma sett under eitt. På bachelornivå er det ein liten framgang medan gjennomføringa er dårlegare på masternivå. Her vil fakultetet starte eit arbeid for å vurdere behov for særlege tiltak.

Talmaterialet viser ikkje nokon klår "reformeffekt" i 2003-2004. Kvalitetsreforma på lågare grad er gjennomført gradvis sidan 2000, og "reformeffekten" blir tydelegare når vi samanliknar resultata med 2000-2001. I dette tidsrommet er gjennomføringa på bachelornivå betra med 6%.

4.2 Kvalitetssikring

Hovudelementa i kvalitetsikringssystemet er på plass. Institutta har gjennomført evauleringar og utarbeidd instituttrapportar som er eit godt grunnlag for å vurdere problem og for kvalitetsutvikling.

Studentevalueringar inngår i alle evalueringane. Det er nytta ulike metodar med varierende deltaking frå studentane. I nokre tilfelle er det for liten svarprosent, noko som gjer at denne delen av evalueringane får mindre betydning. Her må ein både vurdere formene for evaluering og når i semesteret den skal gjennomførast.

Institutta nyttar varierte undervisnings- og vurderingsformer.

Førebels er den gamle sensorordninga nytta, og vi har ikkje erfaring med bruk av programsensorar. Fakultetet vil vurdere bruken av programsensorar og andre eksterne i løpet av 2004-2005.

Bokstavkarakterar er innført utan særlege problem. Nasjonal koordinering og vurdering av karakterbruken blir no gjennomført i nasjonale referansepanel innafor dei ulike fagområda.

4.3 Ressursbruk

Ekstraløyvingane til kvalitetsreforma har gitt grunnlag for betre oppfylging av studentane, fagleg og administrativt. Undervisning per student er auka med 12 timar per student per semester samanlikna med 2002. Dette har ikkje vore nok til å gjennomføre reforma fullt ut, og ressursgrunnlaget må vurderast nærare i høve til intensjonane for reforma.

Studieadministrasjonen er styrka, men det har vore krevande å gjennomføre alle sider ved reforma. Det blir også rapportert om auke i det administrative arbeidet for det faglege personalet, og det må leggjast vekt på forenklingar både når det gjeld organisering og rapportering.

4.4	<i>Samla vurdering</i>
------------	-------------------------------

Viktige element i kvalitetssikringa har alltid vore gjennomført i fagmiljøa. Det nye opplegget for kvalitetssikring gir grunnlag for ei systematisk opppfylging, og materialet kan nyttast som grunnlag for kvalitetsutvikling i kvart enkelt fag og på tvers av faga.

Sjøl om arbeidet er tidkrevande i startfasen er erfaringane positive. I det vidare arbeidet vil vi legge vekt på forbetjing av metodar og innstramming og forenklingar.

Kvalitetsarbeidet i form av analyse av resultat og instituttrapportar er eitt av fleire grunnlag for ressursstyringa. I budsjettssystemet er det ein eigen resultatkomponent, og det er førebels ikkje grunnlag for nye modellar. Fakultetet vil halde fram med å gje støtte til utviklingsprosjekt og utprøving av nye undervisnings- og vurderingsformer.

Vi må kontinuerleg analysere materialet frå evalueringsrapportane og resultatdata for å kunne vurdere kva undervisnings- og vurderingsformer som gir best resultat. Desse vurderingane må i hovudsak skje i fagmiljøa. Fakultetet har eit særleg ansvar for at det skjer utveksling av erfaringar på tvers av fagmiljøa.

Fakultetet har eit breitt og variert fagtilbod. Dei nye studieprogramma har opna for nye og spennande fagkombinasjonar, men dei stiller oss samstundes overfor nye utfordringar med omsyn til samanhengar på tvers av faga.

Gjennomføringa er betra på bachelornivå, men er klårt for dårleg på masternivå.

Det er lagt ned eit stort arbeid for å utvikle nye program og emne og i å utvikle nye undervisnings- og vurderingsformer. Dette arbeidet må førast vidare i form av ei langsiktig kvalitetsutvikling.